Vedtekter for Alver kulturskule - 2026

1.1 OM TILBODET

Alver kulturskule gjev tilbod om undervisning innan musikk, teater, dans, visuell kunst, småbarnstilbod og andre kulturuttrykk i musikk-, kunst- og kulturfag for born og unge i alderen 0–20 år.

Det er inga aldersgrense for tilpassa tilbod til menneskje med særlege behov.

1.2 ELEVINNTAK

1.2.1 Søknadsprosess

Søknadar om elevplass, moderasjonar, re-registrering og utmelding vert handsama via gjeldande digitale administrasjonssystem.

Søkjar pliktar å halda kontaktinformasjonen sin oppdatert etter tildeling av plass og oppstart av tilbod.

1.2.2 Opptak og utmelding

Søknadsfrist hovudopptak for elevar er 20.april.

Søknadsfrist for fordjupingstilbod har eigne fristar.

Vidareføring av elevplass eller venteliste for påfølgjande skuleår har frist 20. april.

Utmelding med verknad for påfølgjande skuleår har frist 20. april.

Utmelding for vårsemesteret har frist 20. november.

1.2.3 Andre føresegn for inntak

Søkjarar utan tilbod i kulturskulen vert prioriterte.

Inntak til fordjupingstilbod skjer etter opptaksprøve.

Elevar kan ha fleire tilbod i kulturskulen.

Dersom det er for mange søkjarar til ein disiplin vert opptaket gjort etter ei pedagogisk og organisatorisk vurdering.
Mellom likeverdige søkjarar vert opptaket gjort ved loddtrekning.

1.2.4 Bytte av fag

Ein kan søkja om bytte av fag og/eller lærar.

1.2.5 Undervisningsår og undervisningstid

Kulturskulen følgjer same skulerute som grunnskulen i Alver kommune, men kan ha unntak siste veka før juleferien og siste veka før sommarferien.

Som hovudregel har ein ordinær elevplass 20 minutt undervisning per veke. I gruppefag og særskild tilrettelagd undervisning vert undervisningslengda per veke satt etter ei pedagogisk og organisatorisk vurdering.

1.2.6 Instrument og materiell

Elevane sørgjer i hovudsak sjølve for notar/materiell/kostyme og anna til bruk i undervisninga. Der kulturskulen sørgjer for undervisningsmateriell vert dette lagt til eigendelen.

Kulturskulen har ein del instrument til utleige. Oppdaterte prisar for leige av instrument finn ein i kommunen sitt gebyrregulativ.

Leigeinstrument har ein leigeperiode på inntil tre år.
Leigeinstrument skal leverast inn til kulturskulen innan ei veke etter undervisningsslutt. Ved eventuell skade på instrumentet må reparasjonsutgift dekkast av den einskilde leigetakar.

1.3 EIGENDEL, MODERASJONAR OG GENERELLE FØRESEGN

1.3.1 Eigendel og moderasjonar

Eigendel vert fakturert to gongar i året, haust og vår.
Betalingssatsane vert regulerte gjennom Alver kommune sitt gebyrregulativ.

1.3.1.1 Moderasjonar Alver kulturskule

Søskenmoderasjon barn nr 2: 20 %
Søskenmoderasjon barn nr 3+: 40 %

Berre éin moderasjon gjeld om gongen per elevplass.
Heimar med fleire elevplassar i kulturskulen må sørge for at elevplassane er registrerte med same betalar, for at moderasjonsordningane skal gjelde.

1.3.1.2 Refusjon av eigendel

Ein kan søkje om refusjon av eigendel ved tap av undervisning meir enn fire gonger per semester, dersom dette er grunna avlysing ved mangel på vikar.

Tilsvarande ordning gjeld om eleven er sjukmeld over ein lenger periode. Legeerklæring er obligatorisk og eige skjema finn du på kulturskulen si heimeside.

1.3.1.3 Redusert eigendel for hushald med låg inntekt

Hushald med inntekt lågare enn den til ein kvar tid gjeldande og sentralt regulerte satsen for gratis kjernetid i barnehagar brutto per år, kan søkje om

redusert eigenbetaling til 50% av gjeldande eigendel. Ordninga gjeld for barn opp til 18 år med elevplass i kulturskulen.

Ordninga har eit tak på 40 elevplassar og gjeld berre eitt tilbod/elevplass per elev.

Med søknaden må det følgje inntektsopplysingar for dei siste to år, som viser hushaldets heilskaplege bruttoinntekt. Som hovudregel gjeld søknaden ut kulturskuleåret. Om det i etterkant kjem fram at inntektsopplysingane gitt i søknad er ufullstendige, vil full eigendel vert fakturert.

1.3.2 Bindingstid

Elevplassen er bindande for eitt skuleår om gongen og eleven pliktar å møte til undervisninga.

Ønskjer eleven å slutte etter eitt semester, sjå punkt 1.2.2.

1.3.3 Permisjon

Permisjon frå elevplass er gjeldande for eitt kulturskuleår. Før permisjonstida går ut, og innan 20. april, må eleven/føresette re-registrere elevplassen på same måte som andre kulturskuleelevar. Elevar i fordjupingsprogram som får innvilga permisjon, må rekne med ny opptaksprøve etter avslutta permisjon.

1.3.4 Frammøte og fråvær

Avvik frå undervisinga vil verte kommunisert via digitalt administrasjonssystem og andre kommunikasjonskanalar.

Elevane pliktar å møte presis og førebudd til undervisning og arrangement. Føresette eller elevar melder fråvær direkte til lærar.

1.3.5 Tap av elevplass

Elevplassen kan tapast om eleven gjentatte gongar har ulegitimert fråvær, ikkje viser tilstrekkeleg interesse og eigeninnsats over tid, eller viser åtferd som er til hinder for undervisninga. Manglande innbetaling av eigendel fører til tap av tildelt elevplass.

1.3.6 Deltaking på arrangement og fellesprosjekt

Alver kulturskule arrangerer fleire konsertar, framsyningar, utstillingar, fellesprosjekt og samarbeid i løpet av kulturskuleåret. Desse er ein integrert del av undervisninga og opplæringsløpet for alle elevane i kulturskulen.

1.3.7 Dirigenttenester til korps og kor

Alver kulturskule tilbyr dirigenttenester til korps og kor etter eigne satsar og avtalar.